



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 19.01.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Linda Neset	SO	Medlem	Forfall kort varsel. Vara ikkje innkalla

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Anneli Vatile Lilletvedt	leiar kudetorg		Bruk av politikarportal
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Drøfting Modalstunet
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	Drøfting oppfølging skisseprosjekt og områdeplan
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Av 5 medlemmar var 4 til stades i møtet.

Opplæring/bruk av ny politikarportal

Den nye møteportalen vart presentert av ordførar innleiingsvis i møtet.

Oppkopling til portalen vart testa ut. Portalen skal kunne brukast til melding av forfall.

Ulik informasjon til kommunestyret er/vil verte lagt ut på portalen. Under fana for informasjon vil servicetorget leggje ut reglement for kommunestyret, etiske retningslinjer og anna.

Det kom ønskje om at ulike presentasjonar som vert synt i ulike utval også vert tilgjengeleg her. Om dette er mogleg vil verte teke opp i fellesprosjektet.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Orienteringssaker
003/2016.1	Kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland
003/2016.2	Kommunereforma status desember 2015
004/2016	Vedtekter for Modalen ungdomsråd
005/2016	Søknad om fritak frå politisk verv i Modalen kommunestyre 20015-2019
006/2016	Busetjing av flyktningar 2016 og plantal for 2017

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Formannskapet - 001/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Formannskapet - 002/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 17.11.2015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		16/3

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
003/2016.1	Kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland
003/2016.2	Kommunereforma status desember 2015

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Formannskapet - 003/2016

FOR - behandling:

I møtet var det orientering om og drøfting av følgjande saker i tillegg til dei orienteringssaker som det var sendt ut vedlegg til.

Nytt service-/næringsbygg - vidare prosess

Oppfølging av skisseprosjektet vart drøfta. I det vidare arbeidet ønskjer ein å nytte grunnlaget som er utarbeida og arkitektane som har vore inne i prosjektet. Formannskapet vil leggje til rette for at kommunestyret vert involvert i det vidare arbeidet. Politisk og administrativt arbeid med kommunereforma må få høgast prioritet i vår. Av kapasitetsmessige grunnar må oppfølging av

prosjektet setjast på vent til etter ferien.

Ordførar set saka på dagsorden i komande møter og gjev ei tilbakemelding om formannskapet si vurdering i neste kommunestyremøte.

Oppfølging vedtak kommuneplan - utbeiding av områdeplan

Saka vart drøfta.

Oppfølging:

Formannskapet, som planutval og styringsgruppe, må utforme mål og rammer for dei vidare arbeidet og leggje dette fram for kommunestyret til drøfting og forankring der.

Ordførar/varaordførar i samarbeid med teknisk sjef førebur sak til drøfting den 23.2. i FOR og 10.03. i KS.

Nordhordlandsting

Regionrådet har kalla inn til møte 28. januar med tema: nytt inntektsystem/kommunereforma og Nordhordland biosfæreområde

Oppfølging:

Ordførar sender inn felles påmelding til Regionrådet

LVK-regionmøter

Ordførar orienterte om regionmøte i Bergen 3.-4.mars.

Oppfølging:

Ordførar sender inn felles påmelding til LVK

LVK - støtte til kommunar som ankar dom om eigedomsskatt på nettanlegg

Ordførar orienterte om saka, brev frå LVK, 11.01.16

Oppfølging:

Modalen yter stønad som førespurt - kr 20.000.

Modalstunet - avvikling av samarbeid med Vaksdal kommune

Ordførar, rådmann og assisterande rådmann orienterte om status for saka. Vidare prosess drøfta.

Oppfølging:

Ordførar og rådmann føl opp saka i samtalar med Vaksdal.

FOR - vedtak:

Orienteringar tekne til vitande med avtalt oppfølging under møte.

Vedlegg:

Utpeiking av representantar til Overordna samarbeidsutval for Nordhordland_januar 2016

OVERORDNA SAMARBEIDSAVTALE 2012

Kommunereforma status desember 2015

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 046, HistSak - 12/191, TI - &01	15/157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016.1	Formannskapet	OR	19.01.2016

Kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Formannskapet - 003/2016.1

FOR - behandling:

Ordførar orienterte om bakgrunn for saka.

Rådmannen orienterte om at, etter samråd med ordførar, har Modalen meldt frå om at vi ønskjer slik representasjon i utvalet:

Medlem, kommunelege Frøydis Gullbrå

Varamedlem, assisterande rådmann Oddvin Neset

FOR - vedtak:

Vert teke til orientering

Vedlegg:

Kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland
OVERORDNA SAMARBEIDSAVTALE 2012

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 002	14/353

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2016.2	Formannskapet	OR	19.01.2016
	Kommunestyret	OR	

Kommunereforma status desember 2015

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Formannskapet - 003/2016.2

FOR - behandling:

Ordfører innleia til drøfting av korleis Modalen bør følgje opp brev frå Fylkesmannen (utsendt som vedlegg til møte).

Rådmannen orienterte om Regjeringa sitt framlegg til nytt inntektsystem og dei endringar dette medfører som konsekvens av reviderte inntektsnøklar slik KS og Regionrådet i Nordhordland har analysert effekt av.

Hovudkonklusjonen av endringane synes å vere:

Dei minste kommunane med lang avstand til større befolkningskonsentrasjon (5000 personar) får ikkje vesentleg redusert sine inntekter gjennom skissert framlegg til nytt inntektsystem.

Men kraftkommunar, som Modalen, vil vere sårbar for andre faktorar som gjev reduserte inntekter i komande 5-10 årsperiode.

Prosessen vidare fram til vedtak i juni vart drøfta. Det var semje om å ta aktiv del i drøftingar av saka.

Status i Nordhordland er no:

Lindås, Meland og Radøy har utforma ein intensjonsavtale for samanslåing

Masfjorden og Gulen har utforma ein intensjonsavtale for samanslåing

Fellesalternativet for alle kommunane - der Modalen har delteke - har ikkje brei tilslutning og derfor ei uviss løysing

Formannskapet meiner at følgjande alternativ bør vurderast i saka til kommunestyre:

Alternativ 0: Modalen aleine

Alternativ 1: Modalen - Masfjorden

Alternativ 2: Modalen - Eksingedalen/Eidsland

FOR - vedtak:

Rådmannen utgreier desse alternativa:

Alternativ 0: Modalen aleine

Alternativ 1: Modalen - Masfjorden

Alternativ 2: Modalen - Eksingedalen/Eidsland

Ordførar kontaktar ordførar i Masfjorden for drøfting av alternativet: Modalen - Masfjorden

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 033, TI - &17	15/332

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
	Kommunestyret	PS	

Vedtekter for Modalen ungdomsråd

Forslag til vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter for Modalen ungdomsråd (MUR) med slik presisering endring av pkt 1 d:

MUR får budsjettmidlar på eigen post i kommunebudsjettet og har delegert fullmakt for bruk av budsjettmidlar som vert avsett til tilskot, arrangement, reiser og opplæring.

Av budsjetterte midlar, kr 55.000 for 2016, kan ungdomsrådet fritt disponere kr 40.000 til ulike føremål som tilskot, arrangement, reiser og opplæring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedtak sak 048/2015 «val av styre råd og utval for perioden 2015-2019» der det vart vedteke å oppretta eit Ungdosmråd som skal arbeida for born og unge sine interesser.

Vurdering

Kristin Nåmdal er engasjert til å følgje opp ungdomsrådet. Ho har laga eit framlegg til vedtekter for ungdomsrådet. Framlegget vart drøfta i ungdomsrådet i det konstituerande møtet, jf vedlagt referat.

Framlegg til vedtekter er også sendt rådmannen til vurdering. Innspel frå rådmannen er innarbeida i vedlegg. Når det gjeld fullmakt til å disponere økonomi så meiner rådmannen at det bør vere tydelegare kva økonomiske rammer som ungdomsrådet sjølv skal disponere. I driftsbudsjettet for 2016 er det løyvt totalt kr 55.000 til føremålet. Etter rådmannen si vurdering må dette også dekke kostnader til kjøp av teneste for oppfølging/førebuing av møta. Til neste budsjettår vil det føreliggje ei fordeling av ulike kostnader innarbeida i budsjettframlegget frå rådmannen. For 2016 bør ein avsetje ein sum som ungdomsrådet fritt kan disponere til ulike aktivitetar som dei vil setje i verk.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg vedtekter vert vedteke med ei presisering av fullmakt til bruk av budsjetterte midlar.

Formannskapet - 004/2016**FOR - behandling:**

Kristin Nåmdal orienterte om nytt møte og vidare planar for aktivitetar i ungdomsrådet utover våren.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Kommunestyret godkjenner framlegg til vedtekter for Modalen ungdomsråd (MUR) med slik presisering endring av pkt 1 d:

MUR får budsjettmidlar på eigen post i kommunebudsjettet og har delegert fullmakt for bruk av budsjettmidlar som vert avsett til tilskot, arrangement, reiser og opplæring.

Av budsjetterte midlar, kr 55.000 for 2016, kan ungdomsrådet fritt disponere kr 40.000 til ulike føremål som tilskot, arrangement, reiser og opplæring.

Vedlegg:

Modalen ungdomsråd - vedtekter, framlegg

Referat frå møte i ungdområdet

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 033	15/244

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
	Kommunestyret	PS	

Søknad om fritak frå politisk verv i Modalen kommunestyre 2015-2019

Forslag til vedtak:

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I brev datert 29.12.2015 søker Knut Moe om fritak frå sitt verv som medlem i Modalen kommunestyre for perioden 2015-2019.

Vurdering

Kommunelova §15 pkt 2:

«Kommunestyret eller fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»

Knut Moe er i kommunestyreperioden 2015-2019 velt som medlem i kommunestyret og som leiar av kontrollutvalet i Modalen kommune. Søknaden om fritak gjeld ikkje fritak for vervet som leiar av kontrollutvalet. Om Knut Moe får innvilga sin søknad er samansetninga av kontrollutvalet likevel slik at den oppfyller kravet til at minst eit medlem i utvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Knut Moe har grunnngjeve sin søknad om fritak med at han frå 1.1. 2016 er tilsett som ny administrerande drirektør i Oster Pukk og Sand AS og han ser det som vanskeleg å kombinera dette med vervet som kommunestyrerepresentant då stillinga mellom anna inneber stor reiseaktivitet og ein krevjande arbeidssituasjon for han.

Søknad med utfyllande argumentasjon føl som vedlegg.

Knut Moe ville i forkant av valperioden kunne bede seg fritaken frå politiske verv i kommunen grunna tidlegare teneste. Søknaden om fritak no må vurderast utifrå dei tilhøve som ligg til grunn i høve til at han på ny no er valt inn som medlem i kommunestyret.

Frå Overå og Bernt si kommentarutgåve til kommunelova vert det vist til at fritaksgrunn i første rekkje vil vere at søkjaren sitt arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle dei plikter vervet medfører. Vidare vert det vist til at avgjerdsla naudsynlegvis vil verte temmeleg skjønnsmessig.

Om det føreligg lovleg fritaksgrunn, så er det opp til det kompetente organ (kommunestyret) sitt skjønn å avgjer om søknaden skal imøtekomast. Her må det takast omsyn til både søkjaren og kommunen sin situasjon.

Dersom det vert gjeve fritak, rykkjer første varamedlem opp som fast medlem, jf kommunelova § 16 nr.2.

Når det gjeld val av nytt varamedlem, skal ordføraren sørge for at valstyret, føretek nytt valoppgjær når ein representantplass er vorte ledig, dersom ordføraren finn dette nødvendig, jf. Valglova § 14-2 andre ledd. Ordførar har føreteke ei vurdering av dette. Konklusjon er at det ikkje er trong til å gjennomføre nytt valoppgjær då det her gjeld 9. varamannsplass.

Konklusjon

Av omsyn til søkjar og kommunen sine politiske gjeremål vil rådmannen rå til at det vert gjev fritak som omsøkt.

Formannskapet - 005/2016

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå Modalen kommunestyre 2015-2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FA - L71, TI - &73, HistSak - 12/331	14/276

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
	Kommunestyret	PS	

Busetjing av flyktningar 2016 og plantal for 2017

Forslag til vedtak:

Som svar på Fylkesmannen si oppmoding om å ta imot fleire flyktningar justerer Modalen kommune tal for busetjing slik:

2016 - talet vert auka frå 10 til 12 flyktningar

2017 - plantal vert sett til 8 flyktningar. Endeleg vedtak for 2017 vert gjort hausten 2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune har i kommunestyrevedtak 023/2015 sagt ja til å ta imot 10 flyktningar i 2016. I same vedtaket vert det signalisert at ein vil vurdere busetjing av ytterlegare 9 personar i 2017. I brev datert 20.11.2015 oppmodar Fylkesmannen oss om å auke desse tala. Modalen kommune vert beden om å auke talet for 2016 til 12 personar, og talet for 2017 til 14 personar.

Fylkesmannen grunngjev oppmodinga med dette: *Flyktningkrise og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg fører til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet Fylkesmannen tidlegare har oppmoda kommunane om.*

Vurdering

Me er no i førebuingssfasen for busetjing av flyktningar. Frå 01.01.2016 er det etablert samarbeid om flyktningekonsulent med Masfjorden kommune. Masfjorden er no i ferd med å tilsetje i stillinga, men det vil kunne gå 1-3 md til ein har nokon i aktiv teneste. Ein ser det ikkje som aktuelt å busetje før ein

har tilsette på plass i denne stillinga.

IMDI har sagt at dei vil lage ei liste over personar dei ser som aktuelle for busetjing i Modalen. Me har no fått melding om at denne lista ikkje vil vere klar før tidlegast i løpet av februar. Me veit difor ikkje noko i dag om kva personar eller familiar som er aktuelle for busetjing i Modalen i 2016.

Når det gjeld husvære så har kommunen i dag desse kommunale husværa ledig: 1 leilighet og 1 hybelleilighet på Øvre Helland, og 1 husvære på Heiane (ungdomsbustad). I tillegg har me fått tilbod om leige av 1 hybel og 1 hybelleilighet i «Skomakarhuset» på Mo. Dette betyr at me har tilstrekkeleg med husvære til å kunne busetje 12 flyktningar slik Fylkesmannen ber om. Det me må ha av kompetanse og støtteapparat i kommunen vil vere av stort sett same omfang om ein buset 10 eller 12 personar. Ut frå den situasjonen som Fylkesmannen skildrar innstiller difor rådmannen på at Modalen kommune seier ja til å auke talet frå 10 til 12 personar i 2016.

Når det gjeld 2017 har kommunestyret sagt at ein vil ta endeleg stilling til busetjing av 9 personar når me har fått litt erfaring med korleis det går med busetjinga i 2016. Plantalet på 9 personar i 2017 er det altså ikkje gjort endeleg vedtak om. No ber Fylkesmannen om at me aukar plantalet for 2017 til 14. Her kan det liggje utfordringar. Fyrst og fremst i høve bustader, men også språkpraksisplassar kan verte ei utfordring dersom det er mange vaksne blant dei som vert busette. Desse treng språkpraksisplassar der dei kan delta i eit arbeidsfellesskap og øve på norsk i dagleglivet. Tilgang på språkpraksisplassar er avhengig av at ein får til eit samarbeid med private og offentlege arbeidsplassar som er villige til å tilby dette.

Det er avgrensa tilgang på husvære i Modalen, og liten privat leigemarknad. Dette i seg sjølv kan setje grense for busetjing i 2017. Ein måte å løyse dette på er å nytta Husbanken si ordning med tilskot og lån til bygging av nye flyktningebustader. Dette alternativet må utgreiast nærare dersom det vert vurdert som aktuelt.

Dersom Modalen kommune seier ja til å busetje 12 i 2016 og 14 i 2017 så vil me ta imot 26 personar over to år. Dette er eit høgt tal for eit så lite samfunn som Modalen. Noreg er i ein situasjon der behovet for tilgang til å busetje flyktningar er stort. Likevel må me ha auge for at me ikkje tek på oss større oppgåver enn vårt vesle samfunn kan klare å fylje opp. Det kan difor vere klokt å halde att litt i plantalet for 2017 til ein ser korleis ein lukkast med busetjinga i 2016. Rådmannen innstiller difor på at ein seier ja til busetjing av 12 personar i 2016, men avgrensar talet til 8 personar i 2017. Samla over to år vil Modalen kommune då ta imot 20 flyktningar.

Konklusjon

Rådmannen innstiller på at Modalen kommune tek imot 12 flyktningar i 2016, og at ein signaliserer vilje til å ta imot 8 flyktningar i 2017.

Formannskapet - 006/2016

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og korleis kommunen førebur seg til å ta imot flyktningar i 2016.

Trong til å byggje nye kommunale bustader for mottak av flyktningar vart drøfta.

FOR - vedtak:

Som svar på Fylkesmannen si oppmoding om å ta imot fleire flyktningar justerer Modalen kommune tal for busetjing slik:

2016 - talet vert auka frå 10 til 12 flyktningar

2017 - plantal vert sett til 8 flyktningar. Endeleg vedtak for 2017 vert gjort hausten 2016.

Formannskapet rår til at rådmannen utgreier sak for bygging av 1-2 nye bustader på Mo for mottak flyktingar i 2017.

Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 - Modalen kommune

Oppmoding om mottak av flyktningar 2015-2017

Vedtaksbrev